



# Bjerkreim kommune

«Soa\_Navn»

«Sse\_Navn»

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8114 Dep.  
0032 OSLO

Vår saksbehandlar:	Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Dykkar dato:	Vår dato:
Gerd Sigveland Engelsgjerd		10/434	FA-V00, TI-		20.01.2010
Telefon: 51 20 11 70		09/1182	&13		
E-post: gerd.sigveland-engelsgjerd@bjerkreim.kommune.no					

## Melding om vedtak - høyringsuttale til verneheimel

Viser til brev frå dykk ang. høyring til Forslag om verneheimel i jordlova. Det er gjort følgjande behandling av saka:

### Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Bjerkreim kommune gir følgjande uttale til høyringa:

#### 1. Innspel til SLF sin rapport (Vernehjemmel i jordlova):

Bjerkreim kommune ser positivt på at LMD har fokus på jordvern. §§ 1, 9 og 12 i jordlova og regionale planar (t.d. Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren) har fullt ut tilstrekkelege verkemidlar for å ivareta eit sterkt jordvern, ikkje minst for dei beste jordbruksareala. Innføring av jordvernområde og endra forvaltningspraksis vil vera unødvendig, tungvint og lite fleksibelt med tanke på å oppnå eit sterkt jordvern, og rasjonell og framtidsretta drift av jordbruksareala. Bjerkreim kommune vil derfor frårå den føreslåtte endringa som gjeld innføring av verneheimel i jordlova. Vi frårår også ei statleggjering av arealforvaltninga.

#### 2. Innspel til LMD sine spørsmål i brev av 11.09.2009:

##### a) Kva slags areal skal kunne vernast:

Bjerkreim kommune er einig i at det er viktigast å forvalta dei mest verdifulle jordbruksareala med størst omhu. Det skjer også i dag, etter §§ 1, 9 og 12 i jordlova og gjennom arbeidet med kommunale og regionale planar, og dette bør også vera grunnlaget for framtidig forvaltning.

##### b) Avveging mot andre samfunnsinteresser:

Oppretting av jordvernområde vil føra til eit unødvendig tungrodd system. Dagens regelverk er fullgodt m.o.t. å ivareta eit sterkt jordvern.

##### c) Tilhøvet til eksisterande løyve til tiltak og vedtekne arealplanar:

Eit evt. jordvern bør leggest inn i arealplanar ved ordinær rullering av desse.

##### d). Verknaden av vernevedtaket – dispensasjonar:

Den eksisterande § 9 i jordlova ivaretek både jordvern og behovet for ei framtidsretta utvikling i landbruksnæringa. Det er unødvendig å innføra jordvernområde. Ei streng praktisering av § 9 ivaretek jordvernformålet.

e) Prosess:

Ingen kommentar, då ein meiner at jordvern ikkje er påkrevd. En jordvernprosess vil berre virka unødvendig byråkratiserande.

f) Tiltak ved mellombels vernevedtak, men før endeleg vernevedtak er fatta:

Ein utgreiingsprosess bør ikkje ha same verknad som eit evt. vedteke jordvern.

### **18.01.2010 Formannskapet - Møtebehandling:**

Rådmannen sitt forslag blei samrøystes vedteke, med liten korreksjon i pkt. e (- berre).

### **FSK-008/10 Vedtak:**

Bjerkreim kommune gir følgjande uttale til høyringa:

#### 1. Innspel til SLF sin rapport (Vernehjemmel i jordlova):

Bjerkreim kommune ser positivt på at LMD har fokus på jordvern. §§ 1, 9 og 12 i jordlova og regionale planar (t.d. Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren) har fullt ut tilstrekkelege verkemidlar for å ivareta eit sterkt jordvern, ikkje minst for dei beste jordbruksareala. Innføring av jordvernområde og endra forvaltningspraksis vil vera unødvendig, tungvint og lite fleksibelt med tanke på å oppnå eit sterkt jordvern, og rasjonell og framtidsretta drift av jordbruksareala. Bjerkreim kommune vil derfor frårå den føreslåtte endringa som gjeld innføring av verneheimel i jordlova. Vi frårår også ei statleggjering av arealforvaltninga.

#### 2. Innspel til LMD sine spørsmål i brev av 11.09.2009:

a) Kva slags areal skal kunne vernast:

Bjerkreim kommune er einig i at det er viktigast å forvalta dei mest verdifulle jordbruksareala med størst omhu. Det skjer også i dag, etter §§ 1, 9 og 12 i jordlova og gjennom arbeidet med kommunale og regionale planar, og dette bør også vera grunnlaget for framtidig forvaltning.

b) Avveging mot andre samfunnsinteresser:

Oppretting av jordvernområde vil føra til eit unødvendig tungrodd system. Dagens regelverk er fullgodt m.o.t. å ivareta eit sterkt jordvern.

c) Tilhøvet til eksisterande løyve til tiltak og vedtekne arealplanar:

Eit evt. jordvern bør leggest inn i arealplanar ved ordinær rullering av desse.

d). Verknaden av vernevedtaket – dispensasjonar:

Den eksisterande § 9 i jordlova ivaretek både jordvern og behovet for ei framtidsretta utvikling i landbruksnæringa. Det er unødvendig å innføra jordvernområde. Ei streng praktisering av § 9 ivaretek jordvernformålet.

e) Prosess:

Ingen kommentar, då ein meiner at jordvern ikkje er påkrevd. En jordvernprosess vil virka unødvendig byråkratiserande.

f) Tiltak ved mellombels vernevedtak, men før endeleg vernevedtak er fatta:

Ein utgreiingsprosess bør ikkje ha same verknad som eit evt. vedteke jordvern.

Med helsing

Gerd Siqveland Engelsgjerd  
landbrukssjef

**Mottakere:**

Landbruks- og  
matdepartementet

Postboks 8114 Dep.

0032 OSLO



**Bjerkreim  
kommune**

Saksbehandlar: landbrukssjef Gerd Siqveland Engelsgjerd  
ArkivsakID: 09/1182  
Arkivkode: FA-V00, TI-&13

Saksnummer	Utval	Møtedato
008/10	Formannskapet	18.01.2010

## Høyringsuttale frå Bjerkreim kommune: Forslag til verneheimel i jordlova

### Vedlegg:

*Dok.nr*            *Tittel på vedlegg*  
25831            Høring - Forslag til vernehjemmel i jordloven  
27503            Endringsforslag til jordlova

Andre aktuelle dokument i saka:

Rapporten frå Statens landbruksforvaltning (SLF) om *Vernehjemmel i jordlova* finn ein på internett: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/horinger/horingsdokumenter/2009>

### Saka gjeld:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har sendt på høyring eit forslag om å innføra ein verneheimel i jordlova for varig vern av dyrka jord. Formålet er å styrka jordvernet i Noreg for å sikra verdifulle areal for matproduksjon nå og i framtida. Høyringsfristen er sett til den 10.01.10, men vi har fått utsetjing til 20. januar.

### Bakgrunn:

Dyrka jord er ein ikkje-fornybar ressurs, og eit nødvendig grunnlag for at framtidige generasjonar skal ha høve til å produsera eigen mat på eiga jord. Internasjonalt har det vorte stort fokus på korleis ein skal løysa den aukande etterspørselen det vert etter mat i framtida. FN sin generalsekretær har slått fast at matproduksjonen må aukast med 50 % innan 2030. Under 3 % av arealet i Norge er dyrka, og berre ca. 1/3 av dette igjen er eigna til matkornproduksjon. Regjeringa sitt mål for jordvernet, sist uttrykt i St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*, er bl.a. å:

1. Halvera den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane innan 2010
2. Stimulera kommunane til å utpeka kjerneområde for landbruk som grunnlag for kommunale planavklaringar
3. Stimulera til regionale planprosessar i by- og tettstodområde, der det vert trekt lang-siktige jordverngrensar
4. Arbeida for å redusera avgangen av dyrka mark til samferdselstiltak

Riksrevisjonen si undersøking av bærekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Norge, viser at produktive jordressursar ikkje vert ivaretekne slik Stortinget har forutsett. Med økonomisk vekst, auka sentralisering og befolkningsvekst i tillegg, vert det krevjande å nå og oppretthalda jordvernmåla, og LMD ynskjer derfor eit sterkare verkemiddel for å ta vare på den dyrka jorda enn det ein i dag har i plan- og bygningslova og jordlova.

## **Del 1: Statens landbruksforvaltning sitt forslag**

LMD gav SLF i oppdrag å utforma ein heimel i jordlova for varig vern av dei mest verdifulle areala til matproduksjon i Norge. SLF konkluderte med at *"Områder vernet etter naturvernloven har sterkere vern mot nedbygging enn dyrka jord har. Til tross for klare nasjonale målsettinger om å bevare matjord og til tross for mulighetene i eksisterende virkemidler i lovverket til å gjennomføre denne politikken, er den registrerte omdisponeringen av dyrka jord høyere enn målsettingen. En hjemmel for vern av dyrka jord som hindrer nedbygging vil sikre at de mest verdifulle og mest utsatte matproduksjonsområdene i Norge kan bevares og drives nå og i framtiden."*

SLF har i sin rapport kome med framlegg om at nye bestemningar om lovfesta områdevern vert tekne inn i jordlova, og har vidare kome med fylgjande framlegg til endringar:

- *"at Kongen får myndighet til å gi verdifulle jordressurser varig vern som jordvern-områder. Dette innebærer at jordbruksdriften i jordvernområdet i hovedsak fortsetter som før*
- *at adgangen til å omdisponere dyrka jord på eiendommer i jordvernområder blir innskrenket... Det er foreslått endrede kriterier for dispensasjon (samt søknadsplikt også for omdisponering av dyrka jord til bl.a. driftsbygninger og gårds- og driftsveger)*
- *at myndigheten til å gi samtykke til omdisponering i jordvernområdene plasseres hos Fylkesmannen. Statens landbruksforvaltning blir klagemyndighet*
- *at vernet skal gjelde verdifull dyrka jord. Arealenes kvalitet og egnethet i matproduksjonen, særlig for matkorn, vil være et vesentlig kriterium, men også arealer til fôrproduksjon kan være aktuelle*
- *at arealene bør være av en viss størrelse og mest mulig sammenhengende*
- *at det settes i gang en prosess for å vurdere aktuelle jordvernområder i alle deler av landet når loven er trådt i kraft*
- *at verneprosesser deretter kan igangsettes for enkeltstående områder*
- *at Fylkesmannen fremmer forslag overfor SLF som deretter vurderer og avgjør hvilke konkrete områder som skal utredes for vern*
- *at det legges til rette for gode medvirkningsprosesser slik at grunneiere, planmyndigheter og andre får anledning til å uttale seg*
- *at de strengere bestemmelsene skal gjelde fra det tidspunkt SLF har fattet vedtak om oppstart av verneprosess."*

## **Avgjerdsmynde**

Sidan 01.01.04 har kommunane hatt avgjerdsmynde i dei fleste sakene etter landbrukslovgevinga, inkl. jordlova. Statlege organ kan kontrollera kommunane både etter plan- og bygningslova og etter jordlova, samt som overordna myndigheit etter forvaltningslova. Jordlova og konsesjonslova vart endra 01.07.2009 slik at Fylkesmennene også kan pålegga kommunar å rapportera om vedtak i alle eller utvalte saker etter nemnde lover.

SLF meiner at avgjerdsmynde etter jordlova i jordvernområda må leggst til eit statleg organ for å sikra ein einsarta praksis, og for å unngå at ei nasjonal avgjerd om vern av eit område kan setjast til side gjennom kommunale vedtak. I praksis vil lovendringa føra til at kommunane ikkje lengre vert utøvande jordlovmyndigheit i jordvernområda, men kommunane vil truleg verta pålagde å gi uttale i dei ulike sakene, før *"eit statleg organ"* fattar vedtak.

SLF tilrår at det vert innført ein eigen bestemmelse med forbod mot å omdisponera dyrka jord til anna enn jordbruksføremål, bortsett frå ved *særlege høve*. For å kunna føra kontroll med bygging på dyrka jord, meiner SLF at det må innførast søknadsplikt for driftsbygningar, gårdsvegar og driftsvegar innafør jordvernområda. Desse tiltaka vert ikkje rekna som "jordbruksproduksjon" i dei områda, og krev derfor dispensasjon frå *"eit statleg organ"*.

## **Forslag til korleis verneprosessen kan gjennomførast**

Departementet går inn for breie og grundige verneprosessar, der staten sjølv skal ha regien. Fylkesmannen på regionalt nivå og SLF på sentralt nivå vil gjennomføra verneprosessen. Fylkesmannen vil ha hovudansvaret for å velja ut og vurdera aktuelle område for vern. Arbeidet skal utførast i samarbeid med dei ulike partane som får høve til å uttale seg. Det vil seia både grunneigarar, organisasjonar, lokale og regionale styresmakter. Ein legg opp til ein grundig medverknadsprosess, men vedtak om oppstart av verneprosess bør i følgje rapporten ikkje kunna påklagast.

Frå det tidspunkt SLF har fatta vedtak om oppstart av verneprosess, får dei aktuelle områda status som område under utgreiing for vern etter jordlova. Innafor avgrensinga må det ikkje gis dispensasjon frå vedtekne arealplanar, vedtas nye arealplanar som endrar bruken frå LNF-område eller fattast vedtak etter jordlova som hindrar gjennomføring av eit eventuelt vern.

SLF legg til grunn at bøndene i utgangspunktet ikkje skal få erstatning for areal som vert verna. Dei grunngir dette med at innføring av ein heimel for vern av jord vil føra til ei innskjerping av gjeldande reglar, men representerer ikkje ei ny form for avgrensing av eigar-rådvelde (har i dag eit generelt forbod mot omdisponering og frådelling av jordressursar). SLF meiner derfor at dette er ei rådvelderegulering som grunneigar berre i heilt spesielle høve vil få erstatning for.

## **Del 2: Departementet sine merknader**

LMD har gjort nokre endringar i den føreslåtte verneheimelen frå SLF. Departementet sitt forslag til ny lovtekst er vist i vedlegget *Endringsforslag til jordlova*. Dei har vidare utdjupa nokre punkt som dei ber om å få høyringsinstansane sitt syn på. Desse 6 spørsmåla er:

### **a) Kva slags areal skal kunna vernast**

Departementet vil ikkje verna all dyrka jord, og kjem med framlegg om at heimelen til jordvern skal gjelda **verdifull dyrka jord**. Ved vurdering av vern skal det leggjast vekt på:

1. areala sin kvalitet til mat- eller fôrproduksjon
2. om areala har eller kan få nasjonal eller regional betydning for matproduksjon
3. om areala er av ein viss storleik og om dei er samanhengande
4. om areala ligg i eit område der det er eller kan ventast å bli utbyggingspress

### **b) Avveging mot andre samfunnsinteresser**

Departementet kjem med forslag om at det skal vera ein saksbehandlingsregel i jordlova der verneinteressene skal vegast opp mot andre samfunnsinteresser, så som behovet for verdiskaping, ei effektiv areal- og ressursforvaltning og bevaring av mangfaldet i naturen. Resultatet av ei slik avveging kan enda opp med at ein lyt akseptera visse samfunnsmessige kostnader for å kunne gje verdifull dyrka matjord eit særleg vern.

### **c) Tilhøvet til eksisterande løyve til tiltak og vedtekne arealplanar**

Vedtak om vern av dyrka jord tek sikte på å halda oppe eller trygga jordbruksproduksjon, og vil derfor i utgangspunktet ikkje få betydning for "igangværende bruk". Vedtaket om vern vil imidlertid kunna få betydning for grunneigarar eller rettshavarar som har planlagt ei anna framtidig utnytting av areala enn jordbruksproduksjon, men der ny bruk av areala ikkje har starta når vedtaket om vern vert fatta. Departementet meiner at det er behov for ein regel som regulerer desse situasjonane, og kjem med tre ulike forslag om at vedtak om lovfesta områdevern ikkje får innverknad for:

1. tiltak der det alt er gitt samtykke til omdisponering etter §9 i jordlova
2. tiltak som krev løyve frå det offentlege eller anna lovverk, og slikt løyve er gitt
3. tiltak som ikkje krev samtykke etter §9, som omdisponering av dyrka jord til driftsbygning og våningshus, dersom tiltaket fysisk er sett i gong når vernevedtaket vert gjort.

#### **d) Verknaden av vernevedtaket - dispensasjon**

Verknaden av vernevedtaket vert at den verna jorda ikkje kan *"brukast til anna føremål enn jordbruksproduksjon"*. Forbodet omfattar bl.a. bygging av landbruksvegar og oppføring av bygningar (hus nr. 2, driftsbygningar) knytt til drifta av eigedomen. LMD foreslår at dispensasjon frå forbodet berre kan gjevast dersom tiltaket ikkje strir mot føremålet til vernevedtaket, og har lite å seia for verneverdiane i jordvernområdet, eller dersom omsynet til tryggleik eller "samfunnsinteresser av særleg stor vekt" talar for det. Dette er meint å innebera ei klar innstramming av dispensasjonsvilkåra i forhold til § 9 i den eksisterande jordlova. Føremålet er å sikra at vernevedtaket ikkje vert uthola gjennom omfattande dispensasjonar.

#### **e) Prosess**

Verneprosessen er i hovudsak omtalt tidligare i saksframlegget.

#### **f) Tiltak ved mellombels vernevedtak, men før endeleg vernevedtak er fatta**

SLF går inn for at det skal fattast eit eige vedtak om utgreiing av vern før sjølve vernevedtaket (forskrifta) vert fatta. Bakgrunnen for dette forslaget er å unngå omdisponering medan verneprosessen pågår. LMD er i tvil om det er hensiktsmessig at kunngjering av påtenkt verneforslag utan vidare skal ha slik rettsverknad, og ynskjer høyringsinstansane sitt syn på saka.

#### **Vurderingar:**

Rådmannen ser positivt på at sentrale myndigheiter ynskjer eit sterkt jordvern. Eit sterkt jordvern legg til rette for å ta vare på det produksjonsgrunnlaget som landbruksnæringa er basert på. Mykje av jordbruksjorda i Rogaland er av den beste i landet, og her er eit særdeles gunstig klima for planteproduksjon, som er grunnlaget for store deler av landet sin husdyrproduksjon. Denne kombinasjonen legg til rette for ei landbruksdrift med høge avlingar og god produktkvalitet. Rådmannen er derfor for eit sterk jordvern, for å sikra at den dyrka og dyrkbare jorda vert teken vare på for komande generasjonar.

LMD ynskjer å verna verdifull dyrka jord, men det er ikkje opplyst kor mange dekar det er nødvendig å verne ut frå føremålet om å sikra nasjonal matvareproduksjon, eller kva for delar av landet det er særleg aktuelt å verna for å oppnå dette målet. Men i forhold til dei 4 kriteria LMD viser til, vil sannsynlegvis resultatet i Rogaland verta at i alle fall mykje av den dyrka jorda på Jæren vert verna. I Bjerkreim er ikkje utbyggingspresset stort, og det er usikkert om det er aktuelt med områdevern her, men tenkelege areal kan vera dyrka jord i sentrum av Vikeså og Bjerkreim.

I Bjerkreim har ein hatt ein streng jordvernpolitikk, og ein har bygd ned lite dyrka og dyrkbar jord. Ein sa ofte at folk måtte byggja hus der arealet var så dårleg at det ikkje var eigna til sauebeite. Men med auka folketal og ynskje om å fortetta sentrum, har det gjennom dei siste kommuneplanane vorte gitt løyve til bustadbygging på noko dyrka jord i Vikeså og Bjerkreim sentrum. I åra framover vil det verta press på dyrka jord rundt Vikeså og Bjerkreim sentrum bl.a. i samband med omlegging av europaveg, kryss, næringsutvikling, bustadbygging..... . Kwart år har bøndene i kommunen dyrka nytt land. Nybrottet har vore høgare enn avgangen, slik at vi har meir dyrka jord i dag enn for 5 og 10 år sidan.

Rådmannen meiner at forslaget om verneheimel i jordlova fokuserer for mykje på forvaltningsmessige grep, med meir makt til fylkesmannen og nasjonale styresmakter. Forslaget vitnar om ei sterk tru på statleg styring. Forvaltningsmessige grep vil ikkje løysa alle utfordringane på jordvernfronten. Rådmannen er usamd i regjeringa sin verkemiddelbruk, og er negativ til lovfesta områdevern, og vil grunnge dette gjennom 5 punkt:

#### **1. Det er mogleg å gjennomføra eit sterkt jordvern med dagens regelverk**

Klare nasjonale mål kombinert med lokal styring vil kunna gje eit effektivt jordvern utan at ein treng lovfesta områdevern. Statlege og regionale styresmakter har tilstrekkeleg med verkemiddel til å gjennomføra eit effektivt vern gjennom å fremja motsegn og ved å påklaga

dispensasjonsvedtak. Fylkesmannen er sterkt involvert i kommunale prosessar i samband med utarbeiding av kommuneplanar, reguleringsplanar og søknader om dispensasjon frå LNF-føremålet. Verkemiddelapparatet har også vorte utvida i samband med innføring av ny plan- og bygningslov. SLF fekk i 2006 heimel til å kome med motsegn til reguleringsplanar og arealdelen i kommuneplanen (såkalla "innsigels saker").

## **2. Lovfesta områdevern reduserer det kommunale sjølvstyret**

Regjeringa har som mål å styrka lokaldemokratiet. Dei nye reglane om lovfesta områdevern vil redusera det kommunale sjølvstyret på viktige område. Fylkesmannen og SLF vil ta over styringa, der kommunane i dag har avgjerdsmynde.

## **3. Bøndene får mindre råderett over si eiga jord**

Statens landbruksforvaltning skriv at jordbruksdrifta i jordvernområda i hovudsak kan halda fram som før. Gjennom vernet skal ein sikra moglegheiter for jordbruksdrift i framtida. Dette fordi jordvernområda vert verna mot nedbygging til andre føremål.

Samstundes blir det understreka at *"Adgangen til å omdisponere og fradele dyrka jord i jordvernområdene innskrenkes."* Departementet går også inn for at i jordvernområda skal bygging av bustadhus, driftsbygningar, og jordbruksavegar mm. vere søknadspliktig. Dette betyr at bøndene vil få redusert rådvelde over den dyrka jorda, og det vil verta vanskeleg å får dispensasjon frå vernebestemmingane. Fleire saken enn før vil verta søknadspliktige etter § 9 i jordlova, og det vil verta Fylkesmannen som skal avgjere slike saker.

Truleg vil det også verta vanskelegare å få dispensasjon til å etablere tilleggsnæringar i jordverneområda, som til dømes å omdisponera ein bygning til andre føremål enn landbruk.

## **4. Sterkare press på jord som ikkje skal vernast**

Innføring av lovfesta områdevern vil truleg leggja eit sterkt press på jordbruksareal som ikkje vert verna, slik at ein vil få ein meir liberal verkemiddelbruk i desse områda. Vi vil få A- og B-jord, med A- og B-reglar.

## **5. Auka byråkrati og lenger saksbehandlingstid**

Oppretting av lovfesta områdevern vil føra til unødvendig og tungrodd system med meir omstendelege avgjerdsprosessar. Dette vil i neste omgang føre til mykje lenger saksbehandlingstid. Dette vil gjelda både søknader om omdisponering og søknader om ulike inngrep i dei verna områda. Søknadene skal først behandlast av kommunen, som skal gje ei tilråding, før sakene vert sendt til Fylkesmannen for vidare behandling. Det er lite realistisk av regjeringa å tru at "forslagene ikke vil føre til økt ressursbruk for offentlige myndigheter".

## **Rådmannen sitt forslag til vedtak:**

Bjerkreim kommune gir følgjande uttale til høyringa:

### 1. Innspel til SLF sin rapport (Vernehjemmel i jordlova):

Bjerkreim kommune ser positivt på at LMD har fokus på jordvern. §§ 1, 9 og 12 i jordlova og regionale planar (t.d. Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren) har fullt ut tilstrekkelege verkemiddel for å ivareta eit sterkt jordvern, ikkje minst for dei beste jordbruksareala. Innføring av jordvernområde og endra forvaltningspraksis vil vera unødvendig, tungvint og lite fleksibelt med tanke på å oppnå eit sterkt jordvern, og rasjonell og framtidsretta drift av jordbruksareala. Bjerkreim kommune vil derfor frårå den føreslåtte endringa som gjeld innføring av verneheimel i jordlova. Vi frårår også ei statleggjering av arealforvaltninga.

### 2. Innspel til LMD sine spørsmål i brev av 11.09.2009:

a) Kva slags areal skal kunne vernast:

Bjerkreim kommune er einig i at det er viktigast å forvalta dei mest verdifulle jordbruksareala



med størst omhu. Det skjer også i dag, etter §§ 1, 9 og 12 i jordlova og gjennom arbeidet med kommunale og regionale planar, og dette bør også vera grunnlaget for framtidig forvaltning.

b) Avveging mot andre samfunnsinteresser:

Oppretting av jordvernområde vil føra til eit unødvendig tungrodd system. Dagens regelverk er fullgodt m.o.t. å ivareta eit sterkt jordvern.

c) Tilhøvet til eksisterande løyve til tiltak og vedtekne arealplanar:

Eit evt. jordvern bør leggast inn i arealplanar ved ordinær rullering av desse.

d). Verknaden av vernevedtaket – dispensasjonar:

Den eksisterande § 9 i jordlova ivaretek både jordvern og behovet for ei framtidsretta utvikling i landbruksnæringa. Det er unødvendig å innføra jordvernområde. Ei streng praktisering av § 9 ivaretek jordvernformålet.

e) Prosess:

Ingen kommentar, då ein meiner at jordvern ikkje er påkrevd. En jordvernprosess vil berre virka unødvendig byråkratiserande.

f) Tiltak ved mellombels vernevedtak, men før endeleg vernevedtak er fatta:

Ein utgreiingsprosess bør ikkje ha same verknad som eit evt. vedteke jordvern.

#### **18.01.2010 Formannskapet - Møtebehandling:**

Rådmannen sitt forslag blei samrøystes vedteke, med liten korreksjon i pkt. e (- berre).

#### **FSK-008/10 Vedtak:**

Bjerkreim kommune gir følgjande uttale til høyringa:

##### 1. Innspel til SLF sin rapport (Vernehjemmel i jordlova):

Bjerkreim kommune ser positivt på at LMD har fokus på jordvern. §§ 1, 9 og 12 i jordlova og regionale planar (t.d. Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren) har fullt ut tilstrekkelege verkemidlar for å ivareta eit sterkt jordvern, ikkje minst for dei beste jordbruksareala. Innføring av jordvernområde og endra forvaltningspraksis vil vera unødvendig, tungvint og lite fleksibelt med tanke på å oppnå eit sterkt jordvern, og rasjonell og framtidsretta drift av jordbruksareala. Bjerkreim kommune vil derfor frårå den føreslåtte endringa som gjeld innføring av verneheimel i jordlova. Vi frårår også ei statleggjering av arealforvaltninga.

##### 2. Innspel til LMD sine spørsmål i brev av 11.09.2009:

a) Kva slags areal skal kunne vernast:

Bjerkreim kommune er einig i at det er viktigast å forvalta dei mest verdifulle jordbruksareala med størst omhu. Det skjer også i dag, etter §§ 1, 9 og 12 i jordlova og gjennom arbeidet med kommunale og regionale planar, og dette bør også vera grunnlaget for framtidig forvaltning.

b) Avveging mot andre samfunnsinteresser:

Oppretting av jordvernområde vil føra til eit unødvendig tungrodd system. Dagens regelverk er fullgodt m.o.t. å ivareta eit sterkt jordvern.

c) Tilhøvet til eksisterande løyve til tiltak og vedtekne arealplanar:

Eit evt. jordvern bør leggast inn i arealplanar ved ordinær rullering av desse.

d). Verknaden av vernevedtaket – dispensasjonar:

Den eksisterande § 9 i jordlova ivaretek både jordvern og behovet for ei framtidsretta utvikling i landbruksnæringa. Det er unødvendig å innføra jordvernområde. Ei streng praktisering av § 9 ivaretek jordvernformålet.

e) Prosess:

Ingen kommentar, då ein meiner at jordvern ikkje er påkrevd. En jordvernprosess vil virka unødvendig byråkratiserande.

f) Tiltak ved mellombels vernevedtak, men før endeleg vernevedtak er fatta:

Ein utgreiingsprosess bør ikkje ha same verknad som eit evt. vedteke jordvern.